



**På denne tysdagen i påskeveka er situasjonen i bygda i store trekk slik:. Uskedelingane har reist på påskeferie i inn- eller utland medan Uskedalen i betydeleg grad er fylt opp av påskeferiegjester. Klårare kan det neppe illustrerast enn i Cafe Tlaren i dag. Ein rask gallup ga som resultat at det var gjester der frå Odda, Fana, Hafslø, Askøy, Haugesund, Stord, Husnes og Uskedalen. Men denne tysdagen var dei innfødte i klårt mindretal. 52 vaksne og 18 barn var innom. Husnesinnslaget var frå Husnestunet.**

Eit selskap med 3 familiar har basen sin i Beinavikjo denne påska og dei gjekk samla på kafe. Familien Haara eig huset i Beinavikjo 39. Dei kjende seg nesten som heime på Tl-aren for der er sjefen odding og heiter Berit Harriet Døssland.

Ho står bak på biletet der dei øvrige er slik plassert frå venstre: Frode Haara, Eli Kjos-Wenjum, Ingvald Haara, Anna Haara, Viktor Haara, Jone Haara og Jakob Haara. Nokre er busett i Odda og nokre i Hafslø i Sogn.

Det er Ingvald som er huseigar i Beinavikjo og han har ikkje det minste imot at det no er gjeve grønt lys for bygging av eit nytt hus der.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen